

## Kontormedarbeidar i Skjåk Almenning

*Skjåk Almenning er Noregs største private eigedom og bygdeallmenning. Med sine 2 millionar dekar er området eit eldorado for jakt, fiske og aktivt friluftsliv. Utmarkseigedommen har store ressursar, der eigedomsforvaltning og bruksrettsforvaltning, hytteområde, jakt, fiske og skogbruk er viktig. Almenninga er også ein sentral utviklingsaktør i Skjåk kommune.*

*Skjåk Almenning er lokalisert i Bismo, kommunesenteret i Skjåk. Det er 6 tilsette i administrasjonen. Vi held til i trivelege lokale der fleire kompetansesarbeidsplassar er samla. Forutan egne tilsette held Statens Naturoppsyn, Mjøsen Skog SA, forvaltar i Breheimen Nasjonalpark, Reinheimen-Breheimen Villreinutval, DNT og Skjåk IL til i same kontorbygg. For meir informasjon sjå <https://www.skjak-almenning.no>*

Vi søker ein allsidig og omgjengeleg person som vil få ansvar for:

- Kundemottak, sentralbord mm.
- Ansvar for postmottak og arkivering.
- Oppfølging av tomtefeste, festeavgift.
- Oversikt, organisering og oppfølging av utleiehytter.
- Ulike oppgåver knytt til oppfølging av jakt og fiske.
- Marknadsføring og oppfølging av heimeside og sosiale media.
- HMS-oppfølging.
- Stillinga kan bli tillagt andre oppgåver avhengig av kvalifikasjonar, kompetanse og behov framover.
- Arbeidsoppgåvene elles er mange og allsidige.

Stillinga omfattar mykje kontakt med kundar og publikum generelt. Personlege eigenskapar og samarbeidsevne blir tillagt stor vekt. Kjennskap til området vil vere ein fordel, men ikkje eit krav.

### Ynskjelege kvalifikasjonar:

- Sjølvstendig, positiv og engasjert.
- Serviceinnstilt.
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne. Kunnskapar i engelsk kan også vere ein fordel.
- Kjennskap til drift av digitale plattformer.
- Krav om kunnskap til Excel og Word.
- Ryddig.
- Førarkort B.
- Gode evner til samarbeid.
- Gjennomføringsevne.
- Fleksibilitet.

### Vi tilbyr:

- Fast tilsetning i 100 % stilling.
- Spannande og sjølvstendig arbeid i ei solid bedrift.
- Godt og kompetent arbeidsmiljø.
- Løn og andre vilkår etter avtale.

Send søknad med CV til [firmapost@skjak-almenning.no](mailto:firmapost@skjak-almenning.no) innan 3. januar 2024. For meir informasjon, kontakt allmenningsstyrar Kjetil Brandsar (tlf. 90 91 90 21) eller Kari Elin Sperstad (tlf.va 40 64 59 48).